



«X-faktor» med kurs mot mål ved Flyøyane og Lyngøy, og med isbreen Folgefonna i det fjerne. Nærmest, fremme til styrbord, sees Instøyane, utanfor Våge på Tysnes.
Foto: Harald Matland.

Tre regattaer i en på Vestlandet



Askeladden, 29. – 30. august 2020, inneholdende Bjørneseilassen - Osmesterskap, samlet 17 båter og er en del av SEILmagasinets shorthanded ranking for 2020.

Per Aga, Os Seilforening

Publisert i SEILmagasinet fredag 04. september 2020

Årets utgave av Askeladden inneholdt Åpent Osmesterskap, Bjørneseilassen, Klubbmesterskap for Os Seilforening, og inngår i Seilmagasinet Shorthanded ranking. Regattaen ble arrangert av Os Seilforening og Milde Båtlag.

Starten gikk ved skjæret Blia i Korsfjorden og målgang ved Våge. Returen gikk motsatt vei på søndagen.

Den observante skipper legg merke til ein doven surkling i båene når strømforhold sjekkes og vurderes på vei til start. Restar av havdønningen etter siste uvær fra der Korsfjorden møter havet ved Marsteinen. Her kan det være tøffe værforhold, men denne dagen smiler fjorden til oss under høg sol.

I vest horisonten, «Shetland neste, spøker vi», og i sørvest dei lave Austevollsøyane. I sør, dagens mål Tysnes, med 760 meter høge Tysnessåta. I øst blåne bak blåne med Folgefonna i syningen.

Korsfjorden; der fjordene møtes, Langenuen i sør og Bjørnefjorden i øst. Med havet som på inn- og utpust følger flo og fjære. Scenen er satt for årets vakreste eventyr.

Ferske og proffe



Flotte seilforhold lørdag.
Foto: Terje Boge, Mona Boge

17 båtar samles ved Bliå. Turseilere, ektepar med hund som mannskap, noen heilt nye for regattaseiling, andre med årevis med erfaring. Og eliten av vestnorske Shorthandseilere, har satt stevne for å delta i denne tradisjonsrike regattaen som første gang gjekk av stabelen i 1990.

Fellesstart som går presis kl. 1100. Dette har Kjell, Berit, Bjørn og Karsten stålkontroll på i startbåten.

Regattaledelsen valgte løp T, distanse 16,5 n.mil, for lørdagens seilas. Starten går medvinds, og ganske tidlig anar ein ulike strategier. Spinnaker-seilas på første legg mot merke 2 ved «Bleikja» i Austevoll. Noen går midtfjords og satsar på at den bedre vinden vil overvinne utgåande strøm frå Bjørnefjordsbassenget, andre smyg seg langs Austevollslandet i håp om å dra nytte av litt mindre straum. Allerede ved første runding har feltet delt seg, og kryssleggen vidare mot Strøneosen skiller enno meir. Og dei som ikkje har spinnaker i den flaue vinden, setter allerede kursen

mot overnattingshavn Våge. Resten setter spinnakeren på ny, og også her skilles båtane, noen skjærer mye, andre går rett på mål.

Målgang mellom Fluøyane og Lyngøy i farvatnet utanfor Våge, Tysnes.

Vinnere denne første dagen, og dermed vinnere av «Bjørneseilassen» og 1. seilas i Askeladden, ble;

minste NOR Rating klasse; «Shiraz» med Gordon Wrigth og Gry Hunstad og største NOR Rating klasse; «Stegg XVI» med Stein Olav Drange og Gunnar Milde. Ein singlehandbåt deltok, « X- faktor», med Harald Matland, som dermed vant denne klassen. Ein av tre båtar i turklassen, «Fri Flyt», fullførte.



Utsyn mot flytebryggekaian fra terrassen på Mandelhuset i Våge på Tysnes, øyen som er både øy og kommune. Foto: Harald Matland.

Så er det middag på Mandelhuset i vakre Vågebygda, for dei som ynskjer det, og andre koker og braser i byssa. Etterpå premieutdeling for Bjørneseilassen, og Quiz med premie til alle båtane, også startbåten. Drøset går i seinsumar-kvelden. Det ryktes om meir vind i morgon.

Friske forhold

Ryktet slår til. Båtane sig ut til startområdet. Genoa eller kryssfokk? Fokkebåten har enkle valg.

Starten går også søndagen presis kl. 1100, og løp W på 14.0 n.mil ble valgt. Alle kjem avgarde i høg nordavind, litt over på østlig kant. Og vinden tar seg opp, og kantrar midtfjords, dei som vant høyde tidleg, scoret på det. Vinden aukar, og så også sjøgangen.

Strategivalgene i dag dreiar seg om å krysse seg opp under land i rolegare sjø eller nytte den sterkare vinden midtfjords på tross av sjøgangen?

Ved første merkerunding ved Strøneosen og vidare på spinnaker legg, er det kun ein båt som vågar genakeren sin. 13 m/s vind og krapp sjø gjer at det blir i meste laget for båtane i TUR-klassen. Arrangøren avkortar seglasen for desse båtane ved første gangs runding i Strøneosen, 6,6 n.mil, og «Fri Flyt» fullfører over avkortingslinja. Dei to andre båtane i klassen reddar seg for motor inn mot Strøno, og meldar over telefon at dei bryt seilassen.

For resten av feltet bærer det ned til Kolbeinshavn, Austevoll, med babord runding, og dei første reva blir tatt på returen tilbake til mål i Strøneosen. Ein utruleg artig regatta, med målgang med nær samla felt og knappe marginar.

Vinnere denne dagen (2. seilas i Askeladden) ble; minste NOR Rating klasse; «Levens» med Willy Forland og Torvald Fossestøl og største NOR Rating klasse; «Stegg XVI» med Stein Olav Drange og Gunnar Milde. Og i Singlehandklassen, «X- faktor», med Harald Matland.

OSMESTERSKAPET

De to dagene sammenlagt inngår i Osmesterskapet og førsteplass gjekk til «Levens», som dermed ble Osmester og fikk vandrepokalen. Andrelassen gjekk til «Velella III» med Mats Mæland og Henrik Julius Nilsen. Tredjeplassen gjekk til «Stegg XVI». Og den einaste deltakande singlehand båten, «X-faktor», fikk ein fin fjerdeplass overall.

KLUBBMESTERSKAPET

Klubbmester i Os seilforening sitt klubbmesterskap 2020 vart, «Tussi», med Paul Mehammer og Terje Klyve.

Og no teller vi ned til neste års sesong, mellom anna ASKELADDEN.



Deltagende båter ved flytebryggene utenfor Mandelhuset lørdag ettermiddag. Foto: Geir Einarsen.



Klart for middag på Mandelhuset. Ved midtbordet sees et flertall av regattastaben, samt mannskap fra «Stegg XVI», «FirstPrice» og «Tussi». Foto: Geir Einarsen.